

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Hogne Jarle Straume - Søknad om støtte frå Næringsfond til kanalisering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte frå Næringsfond til kanalisering* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 076/21 Vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte frå Næringsfond til kanalisering* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Hogne Jarle Straume er eit einpersonsforetak. Bransje: 01.410 Melkeproduksjon på storfe. Registrert 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Prosjektet går ut på oppgraving av eksisterande kanal, senking og bortsprengjing av bergtersklar og lukka delar av kanalen med røyr. Kanalen er ein del av dreneringssystemet på den største teigen på garden. Når søkjar vert ferdig med og dyrka resten av myra i løpet av nokre år, vil det vere ein samanhengande teig med 120 daa. engareal. Det trengst lågare utløp enn som er naturleg for å få senka grunnvatnet tilstrekkeleg, og for å få leia vatnet bort på ein effektiv måte. I prosjektet inngår det kostnader til blant anna skyting, gravemaskinsarbeid, røyr og grus. Tilskot er særskilt viktig for at prosjektet skal verta gjennomført og for å sikra grunnlaget for garden vidare med auka grovfôrproduksjon.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektet vil gje djupare utløp for dreneringsvatnet for heile arealet som ligg ovanfor desse tersklane. Det vil forbetra arronderinga for hausting av arealet ved at det vert lettare framkommeleg ved hausting, der kanalen vert lukka. Tiltaket kjem og til å gje høve til djupare grøftar og betre utløp for framtidig oppdyrking.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte frå Næringsfond til kanalisering	500 000	215 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

14.06.2021	21_Hogne Straume_Soknad_13okt 2020	1573788
15.06.2021	21_Hogne Straume_Søknadsvedlegg_27 apr 2021	1573790